



Vest-Telemarkrådet

Kviteseid, 4. desember 2018

Innkalling til møte i Vest-Telemarktinget

Stad: Morgedal Hotell
Dato: Tysdag 11. desember 2018
Kl.slett: 14.00

I tråd med vedtektene blir det no kalla inn til møte i Vest-Telemarktinget. Tingmøtet vil finne stad på Morgedal Hotell.

Det vil bli servert rundstykker i møtesalen frå kl. 13.30, men møtestart er kl. 14.00.

Det er ei orientering på sakskartet. Kl. 14.30 kjem Ketil Kvaale, styreleiar i Telefiber, for å gje ei orientering om selskapet.

Drøftingssaka *Vitalisering av rådet* blir så lagt fram. Budsjettsaka følgjer etter vitaliseringssaka, då framlagte tiltak i denne har budsjettmessige konsekvensar.

Etter tingmøtet blir det markering av Vest-Telemarkrådet sitt 25-årsjubileum i spisesalen kl. 16.30. Her blir det lagt opp til hyggjeleg samvær, jubileumsmiddag, litt historie og kultur.

Vi ynskjer dykk vel møtt i Morgedal 11. desember 2018.

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet

Jon Rikard Kleven (sign)
Regionordførar

Anne Aasmundtveit
Regionrådsleiar

Sakliste til møte i Vest-Telemarktinget 11. desember 2018

08/2018	Opprop
09/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
10/2018	Val av 1 person til å skrive under protokollen i lag med regionordfører
11/2018	Orientering om Telefiber ved styreleiar Ketil Kvaale
12/2018	Framlegg til <i>Vitaliseringsstrategi Vest-Telemarkrådet</i>
13/2018	Framlegg til budsjett 2019

Etter tingmøtet, kl. 16.30, blir det ei markering av Vest-Telemarkrådet sitt 25-årsjubileum i spisesalen på hotellet.

Sak 12/2018 Framlegg til *Vitaliseringsstrategi Vest-Telemarkrådet*

Bakgrunn

I sak 39/2018 i møte av 20. november 2018 handsama Vest-Telemarkrådet framlegg til *Vitaliseringsstrategi Vest-Telemarkrådet*.

Til grunn for denne saka er Seljord kommunestyre sitt vedtak i *PS 9/18 Eablering av felles NAV-kontor 3.gangs behandling versjon 2 av 8. mars 2018* 1, der ordførar Halfdan Haugan fekk i oppdrag av Seljord kommunestyre å sette saka om vitalisering av VTR på sakskartet til Vest-Telemarkrådet. I møtet av 13. mars 2018 vedtok rådet følgjande:
AU får i oppgåve å utarbeide forslag til opplegg for vitalisering av rådet.

AU utarbeidar eit forslag til opplegg for Vitalisering av rådet og legg dette fram for rådet i møtet av 22. mai. Følgjande opplegg vart presentert:

- Regionrådsleiaren utarbeider politisk sak og presenterer saka i kvart enkelt formannskap, der det vert lagt opp til drøfting med innspel til det vidare vitaliseringsarbeidet.
- Saka skal belyse m.a.: situasjonen, problemstillingar, utfordringar og moglegheiter.
- Framdrift:
 - I. Politisk sak til behandling i alle formanskapa i fyrste møte etter sommaren.
 - II. Innspel vert innarbeidd i ein vitaliseringsstrategi som fyrst blir handsama i rådet, så i tingmøtet i desember.

Eit drøftingsnotat vart utarbeidd og sendt til alle kommunane. Regionrådsleiar vart invitert inn i formanskapa utover hausten 2018 og presenterte Vest-Telemarkrådet si rolle og oppgåver. Drøftingsnotatet gav grunnlag for innspel frå formannskapsmedlemene i alle kommunane. Det var i utgangspunktet ikkje lagt opp til at strategien skulle handsamast i kvar enkelt kommune, men Kviteseid kommune oppmoda om dette. Det same gjorde Vinje kommune dersom det vart lagt opp til store endringar i forhold til styrande dokument.

Styrande dokument

Visjon: Vest-Telemark - Ein levande region

Vest-Telemark skal vera ein levande region der opparbeidd identitet og kultur vert vidareført saman med innovasjon og nyskaping. Gjennom samhandling over kommunegrenser skal vi gjera regionen attraktiv for busetnad, arbeid og oppleving.

Vedtekter

Føremålsparagrafen i vedtektene lyder slik:

Vest-Telemarkrådet skal vere eit samarbeidsorgan for dei deltakande kommunane på alle område og alle plan, og skal vere eit organ for løysing av felles spørsmål og oppgåver for dei same kommunane.

2-årig arbeidsprogram

Arbeidsprogrammet for 2018 – 2019 vart vedteke i Vest-Telemarktinget 5. desember 2017.

Arbeidsprogrammet har 4 målsettingar;

Mål 1: Oppretthalde og auke folketaket i heile Vest-Telemark

Mål 2: Sterk regional samkjensle og styrka Vest-Telemarkidentitet

Mål 3: Vidareutvikling og nyetablering av verksemder i Vest-Telemark

Mål 4: Sikre god infrastruktur i og gjennom Vest-Telemark

For å nå dei ulike målsettingane, er det skildra fleire tiltak under kvart mål, jf. vedlagte Arbeidsprogram 2018 – 2019.

Drøftingar og innspel i formannskapa i Vest-Telemark

- Vest-Telemarkrådet si rolle er viktigare no enn nokon gong. Hovudargumentasjonane for dette var regionreforma og det fallande folketalet samla sett i regionen. Vest-Telemarkrådet er ein viktig møteplass for ordførarane, og for rådmenn.
- Det var stor semje om at det var mange gode døme på vellukka samarbeid i Vest-Telemark der fleire av desse har sitt utspring i rådet. Arbeid med samferdsel vart særskilt framheva.
- Tillit og raushet mellom partane var den føresetnaden som vart lyfta spesielt fram i drøftingane.
- Elles ulik oppfatning av nytteverdien av regionsamarbeidet. Fleire politikarar stilte det kritiske spørsmålet om kva gevinsten for eigen kommune var, og meinte at det var andre kommunar som fekk meir ut av samarbeidet enn dei gjorde. Grunngevinga for dette var geografiske forhold, som førte til at nokon kommunar låg meir geografisk gunstig til for lokalisering av eit kontor/teneste.
- Det vart uttrykt at det ikkje var ynskjeleg med fleire utval utover arbeidsutvalet, rådet og tinget. Tingmøta blir oppfatta som kjedelege og fleire kom med ei sterk oppmoding om at tingmøtet må få ein annan form og innhald for å skape engasjement og entusiasme for politiske saker.
- Samarbeidet med andre regionråd, både i Telemark og elles i landet, blei oppfatta som viktig. Såleis vart nettverksbygging og samarbeid med aktørar i Telemark vektlagt.
- Generelt vart det uttrykt ynskje om å styrke kommunikasjonen mellom rådet og kommunane for å innlemme kommunane tidlegare i prosesser i saker som rådet skal ta stilling til. Men nokon hevda at dei var godt nøgde med at rådssakene vart handsama som referatsaker i kommunestyremøta. Ynskjeleg med statusoppdatering i formannskap/kommunestyre. Slike møtearenaer vil auke kunnskapen om dei samarbeida som eksisterer, samt at ein open kommunikasjon vil kunne stimulere til høgare grad av medverknad i kva for retning samarbeidet skal gå.
- Mange samhandlingsarenaer og viktige fellessaker som ikkje har fått merksemd/omtale. Det er gjerne i saker der kommunane ikkje har same oppfatning eller kjem i sterke meiningsutvekslingar som får oppslag i media, noko som ikkje gagnar samarbeidet. Det vil vera til fordel å profilerer dei gode samarbeidstiltaka for å

bygge opp under samarbeidsklimaet. Fellesskapet har gitt mykje tilbake til kommunane, men dette har diverre ikkje blitt synleggjort.

- Det var stort sett semje om at prosjektarbeid skal vidareførast, då ein har oppnådd ein god del gjennom felles satsing. Men det var og gitt uttrykk for at det har vore sett i gang mange prosjekt som ikkje har gjeve merkbart utbytte. Sjølv om dei aller fleste prosjekta er finansiert av eksterne midlar, spurte formannskapa om kva som konkret kjem ut av prosjekta. På den andre sida blei det og argumentert for at ikkje alle prosjekt kan vise til målbare resultat, men har ein eigenverdi i form av samarbeid og samskaping.
- Bruk av myndigheitskontakt ble drøfta i dei fleste kommunane. Det blei vist til at mange kommunar rundt om i landet nyttar myndigheitskontaktar, og at Vest-Telemark derfor bør vurdere slike tenester i særskilte saker som gjeld Vest-Telemark. Tenesta må vurderast ut i frå kost/nytte.
- Må bli sterkare samarbeid på fleire tenesteområde.
- Stillinga som utviklingsleiar er fortida ledig og tilbakemeldingane var generelt eit ynskje om at denne stillinga var viktig for kommunane og ynskje om at denne blei utlyst.
- Næringsutvikling var det området der meiningane varierte veldig. Nokon meinte at rådet bør ha ei sentral rolle, medan andre meinte at rådet ikkje skal styre med næringsarbeid i det heile tatt. Seljord kommune ynskjer å etablere eit utviklingsselskap, medan dei fleste vil behalde sine kommunale næringsansvarlege, fordi det blir oppfatta som at kommunane best skjøttar sitt eget næringsarbeid.

Vegen vidare/Strategi

Den framlagte vitaliseringsstrategien skal skape felles forståing og forventning til kva rådets oppgåver og roller er. Dei styrande dokumenta som t.d. vedtekter, handlingsprogram og delegeringsreglement seier tydeleg kva rådets oppgåver og funksjon er, medan vitaliseringsstrategien vil søke meir å tydeleggjere dei prioriteringane ein ynskjer å gjera i fellesskap for å styrke regionen, både på kommunalt tenestenivå og når det gjeld næringsutvikling/samfunnsutvikling og verdiskaping.

Basert på innspel som kom fram i formannskapa, og som ikkje vil vera i konflikt med dei eksisterande styringsdokumenta, blir følgjande tiltak føreslått:

- Rådssaker blir referatsak i formannskap og kommunestyre.
- Regionrådsleiar møter i formannskap eller kommunestyre ein gong i året for å orientere om rådsarbeidet.
- Regionrådsleiar møter i formannskap eller kommunestyre ved særskilt behov.
- Utarbeide ein enkel media-og kommunikasjonsplan med følgjande målsettingar:
 - effektivt marknadsføre vellukka samarbeidstiltak
 - effektivt informere kommunar, innbyggjarar og næringsliv om pågåande samarbeid og andre tiltak

- Utarbeid tiltak som støttar opp om Vest-Telemark som felles bu- og arbeidsmarknad.
- Gjennomføre ny kartlegging av kva for tenester kommunane kan samarbeide om.
 - Rådmennene får i oppgåve å jobbe ut eit forslag til fordelingsnøkkelen på tenester og gjennomføring som ein del av deira delegerte mynde.
- Nytte myndigheitskontakt ved særskilte behov. I budsjettet for 2019 er det føreslått å sette av kr 300.000,- slikt arbeid etter særskilt vedtak i rådet.
- Næringsarbeid:
 - Rådet skal fortsette med å stille sekretariatsfunksjon for å fasilitere arbeidet i næringskollegiet, samt vera ein aktiv part.
 - Administrasjonen i rådet skal ha ei overordna rolle;
 - Vera katalysator, tilretteleggjar og koordinator for næringsarbeid
 - Vera eit delaktig bindeledd mellom privat og offentleg sektor
- Tilsette utviklingsleiar med ansvar for m.a. prosjekt som skal tene fellesskapets beste. Utviklingsleiareren skal m.a. initiere, delta i gjennomføring, og skaffe ekstern finansiering til ulike prosjekt.

Formannskapet i Seljord kommune handsama sak 55/18, Seljord formannskap– Revitalisering av Vest-Telemarkrådet den 27.september 2018. Formannskapet gjorde fylgjande samrøysta vedtak:

«Halfdan Haugan (Ap), ordførar, Gunnar Eilefstjønn (H), Henry Møeland (Sp) settas ned som redaksjonskomité for å samanstillе diskusjonen og gje innspel til Vest-Telemarkrådet for formannskapet.». Sjå vedlagte innspel frå denne arbeidsgruppa.

Fleire av innspela denne arbeidsgruppa har sendt inn, er samanfallande med innspel frå andre kommunar, slik at fleire av dei allereie er integrert i denne saksutgreiinga. Utover dette hadde arbeidsgruppa eit konkret forslag når det gjaldt næringsarbeid som skil seg frå dei andre kommunane. Sjå vedlagte innspel frå arbeidsgruppa i Seljord.

Framlegg til vedtak:

Vest-Telemarktinget vedtek forslag til vitaliseringsstrategi med Vest-Telemarkrådet sine framlegg til endringar:

- ***Følgjande tiltak går ut: Gjennomføre ny kartlegging av kva for tenester kommunane kan samarbeide om.***
- ***Følgjande tiltak vert lagt til: Det skal bli lagt til rette for samarbeid innanfor fleire kommunale saksfelt.***

Vedlegg til sak 12 Oppsummering frå den einskilde kommune i Vest-Telemark

Tokke kommune 12. september 2018

- Negativ omtale i media, men mykje bra rådsarbeid som ikkje kjem fram.
- Lite involvering frå kommunane, det må bli betre forankring av rådssaker i kommunane. Kommunane bør innlemmast tidlegare i prosessane i rådssaker for auka samhandling med kommunane.
- Etterspør tillit mellom kommunane.
- Variert oppfatning av prosjektarbeid: For mange prosjekt og kva er gevinsten? Andre argumenterte for at regionen har nytt godt av felles prosjekt som t.d samarbeid på kraftkompetanse og IKT.
- Må finne ei arbeidsform i rådet som styrkar regionen, særleg nå med fylkessamanslåinga. Det er viktig å stå saman no som fylka slår seg saman, rådet har ei viktig rolle her.
- Det har vore store, krevjande saker som har kravd sine debattar. Har fått negativ omtale i media.
- Tingmøta må gjerast meir interessante, oppfatast som kjedelege og lite engasjerande.
- Rådsmøta er ein viktig møtearena for ordførarar, og for rådmenn.
- Ynskjer fast referatsak/ informasjon frå rådet, gjerne både til formannskap og kommunestyre.
- Ynskjer å ha styring på næringsarbeidet sjølv, og stilte spørsmål om dei ynskte å overdra ansvar til regionen på næringsida?

Nissedal formannskap 20 september 2018

- Rådet har ein viktig funksjon for samarbeid.
 - Ikkje alt samarbeid kan resultatfestast, men det er og ein eigen verdi i det å samarbeide.
 - Er positive til samarbeid. Det blir spesielt vist til samarbeidet med Kviteseid, der gjensidig tillit er alfa og omega. Må få til fleire slike.
 - Elles blei det vist til andre gode samarbeidsprosjekt:
 - Kraftkompetanse
 - Digitalisering
 - Ynskjer å vera rause, men må få noko igjen for samarbeidet.
- Denne perioden blir oppfatta som annleis enn den førre. Tillit bygger ein over tid. Ikkje same tillit som for 2 år sidan.
- Ikkje ynskjeleg med fleire utval, då en brukar frivillige til å arbeide på fritida si på fleire arenaer. Må derfor avgrense talet på møtearenaer.
- Nærings samarbeidet fungerer bra. Kan utvidast til å bli meir forpliktande. Ynskjer å drøfte dette i kommunestyret.
- Det blei konkludert med at det var;
 - Veldig mykje veldig bra
 - Mykje godt samarbeid og resultat på samferdsel/infrastruktur
 - Prosjekt er viktig.
 - Ynskjer å bli betre og jobbe for Vest-Telemark på eit høgare nivå.

- Kan nytte myndigheitskontakt, men ikkje i slik utstrekning som vart presentert av Kåre Fostervold i rådsmøtet 21. august. . Kan benytte myndigheitskontakt i spesifikke saker som gjeld oss.
- Det er viktig å følge opp saker som blei tatt opp med Telemarksbenken. Må ha klare forventningar til at stortingspolitikarane frå Telemark tar tak i dei sakene som rådet legg fram.
- Legge opp til meir spenst i tingmøtet. T.d invitere stortingspolitikarar, fylkesmann for å ha innlegg.
- Marknadsføre rådsarbeid og frontfigur (regionordførar).
- Ein utviklingsleiar var eit veldig aktivum. Ole si rolle var viktig. Bør tilsette nokon i denne stillinga.

Seljord kommune 27. september 2018

Viser og til vedlagte innspel frå arbeidsgruppa i Seljord.

- Rådet har ei utruleg viktig rolle. Blir ennå viktigare no sett i relasjon til regionreforma. Samarbeidet i Vest-Telemark kan bli enda betre.
- I årsmeldinga er det mange prosjekt, det er ikkje mogleg å nå alle resultat skissert i dei mange prosjekta. Kva gagnar desse prosjekta Vest-Telemark?
 - Arbeid med digitalisering og kraftkompetanse er viktig satsing
 - Nasjonale verkemiddel er lagt opp til prosjekt, som t.d breibandutvikling
 - Prosjekta må vera konkrete og målbare
- Små kommunar som har vald å ikkje slå seg saman. Målet med samarbeid må vera utvikle betre tenester, redusere kostnader, og auke inntekter.
- Veldig bra jobb på samferdsel/infrastruktur
- Mislukkast med folketalsutviklinga – er ein viktig målsetting og arbeidsområde for rådet.
- Felles høyringsuttale er viktig i ulike samanhengar.
- Samarbeid med andre regionråd, t.d Hallingdal og Kongsberg. Samarbeid med regionråd som har same strukturelle forhold som oss sjølve.
- Gjensidig tillit! Veldig viktig.
- Myndigheitskontakt:
 - Vest-Telemark har større behov for å drive med lobbying. Må rigge seg slik som mange andre kommunar.
 - Må ikkje tilsette, må nytte proff lobbyist
- Næringsutvikling, sjå eget framlegg
 - Bør samle ressursane-ikkje klokt det vi driv med no. Må ikkje spreie oss slikt. Bør ha eit regionalt utviklingsselskap der god kompetanse er samla. Viser til Telemarksforskingss rapport frå 2009 der det vart tilrådd at næringsressursane blei samla.
- Arbeidet til rådet må bli presentert og forankra i kommunestyra.
- Rådet må drøfte fleire område og så bli samde om fleire lokaliseringsstader. Ta det meir samla, ikkje ta ein og ein lokaliseringsdebatt.

Kviteseid kommune 27. september 2018

- Lobbyverksemd blir meir og meir vanleg, og vil vera ein kontinuerleg prosess. Den kan utførast av administrasjonen og politikarane.
 - Ein lobbyist er «ferskvare».
 - Bør sette av eit beløp til kjøp av ei slik teneste ved behov
- Rett person på rett plass, så kan ein utviklingsleiar gjera ein god jobb
- Drøfting rundt rådet si rolle i næringsutvikling no som VTNU er fusjonert inn i VTN
 - Det er mange aktørar, så det bør vera nokon som har ei koordineringsrolle. Skal det vera rådet?
 - Positivt med samarbeid på reiseliv, vart vist til forprosjekt som vart vedteke i same formannskap.
 - Som eit råd, så må ein samarbeide om næringsutvikling og verdiskaping, men akkurat korleis rådet si rolle skal vere blei ikkje definert. Det vart uttrykt at næringsutvikling må vera ei sentral oppgåve for rådet.
- Knytte seg til strategiske alliansar er viktig.
- Arbeidet som blir gjort i rådet har ikkje alltid like god nok forankring i kommunane. Bruke meir tid på å få det til slik at saker får ei breiare drøfting, viktig at det blir landa på eit kommunestyrevedtak.
- Ingen bråhast-så kan bruke meir tid. Rådet er viktig!
- Marknadsføring og synleggjering-finne fram til vinnarsaker som media er opptatt av.
- Om ikkje alle prosjekt har vore like vellukka, er det likevel verdt å satse på.
- Attraksjonsskaping-framheve det positive i regionen.
- Tingmøtet er stort, tungt og kjedeleg, som samlar mykje folk. Må ha sakliste som skapar diskusjon og engasjement

Fyresdal kommune 3. oktober 2018

- Ein må allereie no tenkje på finansieringa av rådet etter regionreforma. Finansiering av rådet med TUF midlar er til 2026, og ein veit heller ikkje kva som skjer med skjønnsmidlar etter 2019. På denne bakgrunn blir det stilt spørsmål om ein skal tilsette ein utviklingsleiar.
- Positive til prosjekt og at desse blir køyrt på tvers av kommunar og tema. Spesielt prosjektet på lokalmat vart framheva.
- Ynskjer brei orientering om samarbeidet.
- Samarbeid heng mykje på dei utfordringane som vart skissert i drøftingsnotatet, meinte desse var veldig dekkande. Men lokalisering er den største utfordringa, og som set ein stoppar for mange gode samarbeidstiltak.
 - Lite som har havna i Fyresdal av slike samarbeid. Sett frå Fyresdal si side så er det ingenting som fell på dei, men dei er med på alle samarbeid. Det vart uttalt at Fyresdal og Nissedal har fått ingenting.
 - Må vera balanse i samarbeidet, slik at det er behov for å utarbeide eit system som ivaretar dette.
 - Motivasjonen søkk når ein ikkje får noko tilbake. Det må vera ei viss fordeling for at samarbeid mellom kommunane skal fungere. I praksis har det ikkje skjedd og det har gått 25 år. Må sjå gevinsten av samarbeidet dersom ein skal halde fram
 - Det vart vist til samarbeidet mellom Kviteseid og Nissedal som eit godt døme på samarbeid der dei har lukkast med å fordele likt.

- Utføring av tenester på ulike område kan vera vanskeleg utan gode samarbeid. Derfor bør ein og satse vidare på nye samarbeid.
- Samarbeid bør koma «innanfrå», då blir det mykje enklare å lukkast, det gode dømet er Barnevernssamarbeidet som hadde sitt utspring i initiativ frå dei tilsette.

Vinje kommune 1. november 2018

- Det vart uttalt skuffelse over at samarbeidet gjennom 25 år ikkje har resultert i store resultat for Vinje. Og det til tross for at Vinje kommune betalar inn mest i samarbeidet.
 - Det må bli ein meir jamn fordeling mellom kommunane, slik at gevinsten blir meir lik. Det blei foreslått å sjå meir over Rauland til Tinn. (Det vart opplyst i møtet om at Tinn er med i Kongsbergregionen, og dette regionrådsamarbeidet mellom kommunar i Buskerud og Telemark vil halde fram sjølv om Telemark og Vestfold blir eit fylke)
- Næringsutvikling;
 - Vinje med sine egne ressursar innan næring har vore vellukka.
 - Halde engasjementet til rådet i næringsarbeid på det nivået som det er i dag.
 - Ein har tilgang til informasjonen om rådsarbeid, spørsmålet er om politikarane er engasjerte. Blir uansett orientert om særskilte saker. Ordføraren orienterer godt. Positive til at rådssaker blir referatsak i kommunestyret
- Ynskjer ikkje å utvide til fleire utval knytt til rådet.
- Mykje bra som har skjedd på samferdsel.
- Rådet er eit viktig felles talerør, spesielt mot stat og fylkeskommune. Rådet har kontakt med sentrale myndigheiter og frontar saker saman som er knytt opp mot t.d. domstolsadministrasjon, ambulanseplan, m.m.
- Ein viktig felles møteplass for ordførarane.
- Myndigheitskontakt:
 - Kjøpe tenester ved behov.
 - Ordførarane gjer ein verdifull jobb her.
 - Å ha nokon i gangane i Oslo er kostbart, kva er kost/nytte-effekten?? Lobbyverksemd er meir og meir eit etterarbeid for stortingspolitikarar- retrett stilling.
- Prosjektarbeid:
 - Er viktig, men må unngå å drive med «prosjektmakeri»- med andre ord ta prosjekt der det er finansiering å finne.
 - Gå ned på prosjektportefølja.
 - Utviklingsleiar; kanskje ikkje skilje det og myndigheitskontakt. Fokusere meir på befolkningsutvikling.
 - Stilling som utviklingsleiar betyr mykje for regionsamarbeidet
- Tenkje finansiering. Atterhald med for stor stab; då det er usikkert med finansiering etter 2026, og usikkert kva som skjer med skjønnsmidlar etter regionreforma.
- Skal ein revitalisere seg så må kommunestyret få høve til å meine noko.

Handsaming i Formannskapet 01.11.2018:

Framlegg frå Ap v. Børre Rønningen:

1. Vinje kommune ynskjer ei evaluering av Vest-Telemarksamarbeidet før ein tek stilling til eventuelle samarbeidsformer vidare.
2. Samarbeidet blir tema i samband med kommunevalet 2019.

Framlegg frå Sp v. Jon Rikard Kleven: Formannskapet drøfta saka.

Framlegget til Rønningen blei sett opp mot Klevens. Rønningens framlegg fall med 4 mot 3 røyster.



Vest-Telemarkrådet

v/ Anne Aasmundtveit

Innspel frå Seljord kommune – Revitalisering av Vest-Telemarkrådet

Deres ref:	Vår ref:	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2018/1457-4	Finn-Arild Bystrøm		04.10.2018

Formannskapet i Seljord kommune handsama sak 55/18, Seljord formannskap– Revitalisering av Vest-Telemarkrådet den 27.september 2018. Formannskapet gjorde fylgjande samrøysta vedtak:

«Halfdan Haugan (Ap), ordførar, Gunnar Eilefstjønn (H), Henry Mæland (Sp) settas ned som redaksjonskomité for å samanstillе diskusjonen og gje innspel til Vest-Telemarkrådet for formannskapet.»

Måndag 1. oktober 2018 møttest redaksjonskomiteen. Seljord kommune gjer fylgjande innspel i debatten om revitalisering av Vest-Telemarkrådet:

- Det er ynskeleg å satsa meir på eit felles utviklingsselskap i Vest-Telemark som arbeider med næringsutvikling. Korleis eit slik selskap skal organiserast må diskuterast ytterlegare, men det bør vera kommunanes sitt selskap. Vest-Telemarkrådet bør være den politiske koplinga og ein strategisk aktør inn i det arbeidet, men ikkje ha sjølv utviklingsarbeidet. Ein naturleg konsekvens av dette er at utviklingsarbeidet og prosjekter i eigen regi takast ut av VTR.
- Det må etablerast ein myndigheitskontakt som leigast inn i VTR, og ikkje som ein fast tilsett i VTR. Kompetansestøtten til myndigheitskontkaten kan variere avhengig av prosjektets innhald og mål.
- VTR må inngå strategiske alliansar/samarbeid med aktørar i Telemark for å styrke Vest-Telemark inn i det nye fylket Vestfold-Telemark.
- VTR må søke erfaring og kunnskapsutveksling frå andre regionsråd for å finne moglegheiter for forbetringar av VTR.
- Det må gjerast ein ny runde på kva for kommunaletenester som VT kommunane kan/bør samarbeide om. Det er allereie gjort ein kartleggingsarbeid av rådmennene på dette. Eit forslag kan vera at rådmennene jobbar ut fordelingsnøklen på tenester og gjennomføring som ein del av deiras delegerte mynde. Ynskje om eit samarbeid er allereie gjett politisk.
- Konkret sakssamarbeid med andre regionråd må vurderast i aktuelle saker av felles interesse.

Finn-Arild Bystrøm
Rådmann Seljord kommune

Vedteke arbeidsprogram for Vest-Telemarkrådet 2018 – 2019.

VISJON: VEST-TELEMARK - EIN LEVANDE REGION

Vest-Telemark skal vera ein levande region der opparbeidd identitet og kultur vert vidareført saman med innovasjon og nyskaping. Gjennom samhandling over kommunegrensar skal vi gjere regionen attraktiv for busetnad, arbeid og oppleving.

Mål 1 Oppretthalde og auke folketalet og busetnaden i heile Vest-Telemark

Tiltak:

- Auke dei unge si sjølvkjensle og tilknytning til distriktet, og stimulere til entreprenørskap
- Vidareføre arbeidet med utvikling av regionens attraksjonskraft og bulyst.
- Vidareutvikle Vest-Telemark som ein attraktiv arbeidsmarknadsregion.
- Stimulere til rekruttering av arbeidskraft
- Nytte samhandlingsreformen til å få best mogleg helsetilbod i regionen
- Vidareføre nettverket for vidaregåande utdanning i regionen

Mål 2 Sterk regional samkjensle og styrka Vest-Telemarkidentitet

Tiltak:

- Stø opp om kulturtiltak som fremjar kjennskap, identitet og samhandling
- Vidareutvikle samhandling kring marknadsføringstiltak som fremjar kjennskap til regionens kultur og identitet.
- Legge til rette for godt regionalt samarbeid, herunder elektronisk kommunikasjon og informasjonsflyt
- Stimulere til utvikling av nye offensive informasjonsformer tilpassa prioriterte målgrupper.
- Etablerere nettverk for viktige regionale institusjonar
- Auke samhandlinga og kommunikasjonen med dei ulike forvaltningsnivåa
- Fullføre prosessen rundt kommunereformen i Vest-Telemark

Mål 3 Vidareutvikling og nyetablering av verksemder i Vest-Telemark

Tiltak:

- Leggjje til rette for næringsutvikling med grunnlag i lokale ressursar
- Auke tilgangen på risikokapital og offentlege verkemiddel til regionen
- Styrke og utvikle nærings- og rådgevingsapparatet i Vest-Telemark, og vidareføre samspelet mellom regionrådet og dei næringsansvarlege i kommunane.
- Tilrettelegging og utvikling av samhandlingstiltak og næringsklynger, med formål å styrke eksisterande næringsliv og stimulere til knoppskyting, nyetablering og innovasjon.
- Oppretthalde og utvikle kompetansmiljø i regionen.
- Vidareutvikle den regionale etablerertenesten, gjennomføre Byregionprogrammet og samarbeide med næringsshagane i regionen også knytt til SIVA

Mål 4 Sikre god infrastruktur i og gjennom Vest-Telemark

Tiltak:

- Vidareutvikle felles strategiar for vegutbygging og skape alliansar for desse.
- Synleggjere regionens transport- og infrastrukturbehov gjennom faktaoppbygging og formidling.
- Arbeide for høgfartsbane over Haukeli
- Utvikling av regionens breibandsstruktur og mobilsamband.

Sak 13/2018 Framlegg til budsjett 2019

I tråd med etablerte økonomirutinar legg Rådet fram for Vest-Telemarktinget forslag til budsjett for 2019.

Budsjettet er basert på kostnader knytt til drift av faste administrative oppgaver, gjennomføring av felles prosjekt, driftskostnader for fellestenesta Etablerarkontoret, og tilskot til mellom anna Vest-Telemarkkonferansen og yrkesmessa på Dalen.


Finansiering

Driftsbudsjett har ei delt finansiering mellom kommunane i Vest-Telemark og Telemark Utviklingsfond (TUF), der kvar part finansierer 50%. Finansieringa er fastsett i avtale mellom partane etter at Fellesfondet i Vest-Telemark gjekk inn som ein fast del i TUF. Dei øvrige kostnadane er knytt til prosjekt med tilhøyrande finansiering. Vi legg til grunn i budsjettet at Fylkesmannen i Telemark vidarefører ordninga med skjønnsmidlar til prosjektarbeid i Vest-Telemark med 1.710.000 for 2019.

Driftsbudsjettet aukast i tråd med TUF sine justeringar, som igjen regulerast etter konsumprisindeksen. I år er prisveksten estimert til 2,1% frå 2018 til 2019. Rådets driftsbudsjett for 2018 var på kr 4.600' og etter justering er budsjettet for 2019 på **kr 4.643'**. Totalt er budsjettet til VTR for 2019 på **kr 8.113'**, - når ein også tek med disponering av skjønnsmidlar frå Fylkesmannen (1710'), planlagt bruk av avsette bundne fond (kr 750' + kr 510'), samt bruk av generelt disposisjonsfond (kr 500')

Til grunn ligg også Vest-Telemarkrådet sitt arbeidsprogram for 2018-2019 og den framlagte Vitaliseringsstrategien.

Framlegg til vedtak: Vest-Telemarktinget godkjenner det framlagte forslaget til budsjett 2019 for Vest-Telemarkrådet.



Framlegg til Budsjett 2019

Til handsaming i
Vest-Telemarkrådet 20. november 2018
og
Vest-Telemarktinget 11. desember 2018

Budsjett 2019 for Vest-Telemarkrådet

Budsjettet til Vest-Telemarkrådet er basert på kostnader knytt til drift av faste administrative oppgaver, gjennomføring av felles prosjekt, driftskostnader for fellestenesta Etablerarkontoret, og tilskot til mellom anna Vest-Telemarkkonferansen og yrkesmessa på Dalen.

Driftsbudsjett har ei delt finansiering mellom kommunane i Vest-Telemark og Telemark Utviklingsfond (TUF), der kvar part finansierer 50%. Finansieringa er fastsett i avtale mellom partane etter at Fellesfondet i Vest-Telemark gjekk inn som ein fast del i TUF. Dei øvrige kostnadane er knytt til prosjekt med tilhøyrande finansiering. Vi legg til grunn i budsjettet at Fylkesmannen i Telemark vidarefører ordninga med skjønnsmidlar til prosjektarbeid i Vest-Telemark med 1.710.000 for 2019.

Driftsbudsjettet aukast i tråd med TUF sine justeringar, som igjen regulerast etter konsumprisindeksen. I år er prisveksten estimert til 2,1% frå 2018 til 2019. Rådets driftsbudsjett 2018 var på kr 4.600 og etter justering er budsjettet for 2019 på **kr 4.643** . Totalt er budsjettet til VTR for 2019 på **kr 8.113** , - når ein også tek med disponering av skjønnsmidlar frå Fylkesmannen (1710'), planlagt bruk av avsette bundne fond (kr 750' + kr 510'), samt bruk av generelt disposisjonsfond (kr 500').

Om budsjettarbeidet

Vest-Telemarkrådet fører rekneskapen etter kommunelovas prinsipp og har gode rutinar for rekneskap og budsjett. Vest-Telemarkrådet har i samarbeid med rekneskapskontoret og revisor utarbeidd "Årshjul for økonomirutinar i Vest-Telemarkrådet" som sikrar at dei naudsynte økonomiske rutinane vert gjennomført.

Kommentar til enkelte postar og prosjekt:

Tilsette og fast løn

I Vest-Telemarkrådet er det to faste stillinga, ein som regionrådsleiar og ein som utviklingsleiar, sistnemnde stilling er for tida ubesatt. Det er budsjettert med at det blir tilsett ein utviklingsleiar i løpet av sommaren 2019.

Det er og ei 100% mellombels stilling i eit tre-årig digitaliseringsprosjekt 2018-2020. Løn til sistnemnde stilling er budsjettert i prosjekt nr 1130 Digitalisering og velferdsteknologi.

Etablerartenesta

I 2018 vart det utlyst konkurranse for gjennomføring av etablerarkontoret i Vest-Telemark. Telemark Næringshage vann konkurransen og avtala løper med gjensidig oppseiing på 6 månadar. Ramma for denne tenesta er sett til 500', og dekkast av driftsbudsjettet i VTR.

Husleige og matvarer

Vest-Telemarkrådet leiger lokale i Vest-Telemark Næringspark AS i Kviteseid. Det er stor møteverksemd knytt til arbeidet i Vest-Telemarkrådet, og kostnader knytt til servering og leige av møterom er å finne i postane 1115 og 1190 der kontorleige/felleskostnad med møteverksemd i næringshagen er inkludert. Husleige som gjeld kontor til digitaliseringskoordinatoren ligg i prosjekt 1130.

Næringskollegiet - prosjektgrep

Etter handsaming i kommunestyra i 2017, vart det klart at samarbeidet på næringsutvikling skulle styrkast og vera meir forpliktande. I budsjettet for 2019 er det, som i 2018, samla ei rekke

«småprosjekt» til ein felles prosjektpott som disponerast av næringskollegiet. Desse skal gå til fellestiltak som styrker næringsutviklinga og samarbeidet i næringskollegiet i Vest-Telemark og dekkast av driftsbudsjettet.

Samarbeid på konsesjonskraftkompetanse

I 2018 var det sett av kr 700´ til samarbeid på konsesjonskraftkompetanse. I justert budsjett blei denne posten som var finansiert av driftsmidlar, redusert til kr 200´, og unytta midlar blei ført på disposisjonsfondet.

Prosjektet er gang med å etablere eit kommunalt oppgåvefellesskap for kraftkompetanse med lokalisering i Vinje. Men det gjenstår ein del arbeid i samband med denne etableringa som det må budsjetterast for, budsjettert beløp for 2019 er kr. 250´ finansiert av disposisjonsfondet.

Digitalisering og Velferdsteknologi

Vest-Telemarkrådet vedtok i møte av 13. mars 2018 å tilsette ein digitaliseringskoordinator i ein 3-årig prosjektstilling 2018-2020. Rådet vedtok og ein digitaliseringsdisposisjon som også er handsama i alle seks kommunane. Hovudoppgåvene i digitaliseringsdisposisjonen er følgjande felles prosjekt: digital kommunikasjon, orden i eget hus, personvern og velferdsteknologi. Det er digitaliseringskoordinatoren som har ansvaret for å iverksette og gjennomføre prosjekta, samt igangsette nye.

For 2019 er det budsjettert med kr 3 mill til ovannemnde prosjekt inkl løn m.m. til digitaliseringskoordinatoren.

Finansieringa av det totale prosjektet, prosjekt 1130, ser slik ut:

Kr. 750´ frå bundne fond (unytta skjønnsmidlar)

Kr. 510´ unytta midlar i opprinneleg budsjett 2018 for prosjekt 1130 var ført på bundne fond i justert budsjett

Kr. 1.710´ skjønnsmidler 2019

Kr. 30´ disposisjonsfondet

Myndigheitskontakt/Lobbyverksemd

Som framlegg til nytt prosjekt er det foreslått å øyremerka kr 300´ til bruk av ein myndighetskontakt dersom det er særskilt behov for dette, men etter vedtak i rådet.

Spesifisert budsjett 2019

Budsjettet er justert etter forventet aktivitet for Vest-Telemarkrådet i 2019. Arbeidsprogram for Vest-Telemark 2018-2019 vart og handsama av Vest-Telemarktinget i 2017, og det ligg til grunn at dette kan gjennomførast innanfor foreslåtte budsjett. I tillegg er det tatt høgde for i budsjettet at tiltaka i det framlagte forslaget til Vitaliseringstrategien vert vedteke.

Under er spesifisering av postar som er knytt opp mot ordinær drift av rådet. Direkte eksterne kostnader knytt til prosjektgjennomføring kjem i tillegg, og dette gjeld også tenesta «Etablererkontoret» som er ei teneste som blir kjøpt inn på vegne av kommunane.

Endring frå 2018 til 2019 er i hovudsak at det er budsjettert med kr. 300 ´ til konsulenttenester som er ein direkte konsekvens av at stillinga som utviklingsleiar er ubesatt. Medlemsskap i Lyntogforum (kr. 5.000, per år) og i Fjellnettverket (kr. 43.000,- per år) er flytt frå prosjekt til drift.

».

Budsjett, VTR 2019

Konto.:		2017	2018	2019
1010	Fast løn	1550	1300	1300
1050	Annan løn og trekkpliktige godtgjersle	40	40	40
1080	Godtgjersle folkevald	50	50	50
1090	Pensjonsinnskott og trekkpliktige forsikringsordning	207	207	180
1099	Arbeidsgjevaravgift	196	196	160
1100	Kontormateriell	25	25	25
1115	Matvarer	200	100	200
1120	Anna forbruksmaterieill / råvarer og tenester	100	60	100
1130	Post, banktenester, telefon	10	10	10
1140	Annonse, reklame, informasjon	50	10	50
1150	Opplæring, kurs	50	62	30
1160	Utgifter og godtgj. for reiser, diett, bil og likn	80	80	80
1165	Andre oppgåvepliktige godtgjersle	10	10	10
1170	Transportutgifter og drift av egne transportmidlar	10	10	10
1185	Forsikringar og utgifter til vakthald og sikring	8	8	8
1190	Leige av lokale og grunn	120	120	140
1195	Avgifter, gebyr lisensar og liknande	215	50	100
1270	Konsulenttenester		200	300
1200	Inventar og utstyr	50	50	50
	SUM	2971	2588	2843

Avsette fond 2019

Oversikt på generelt disposisjonsfond og bundne fond i Vest-Telemarkrådet 2018.

Avsatt fond - 2019

Beskriving	Budsjett 2019
Generelt disposisjonsfond	3 348 000
Fondsmidler, grunnfondet (frå fellesfondet)	3 250 000
BUNDNE FOND	
Tiltak i IKT-strategien	163 000
ByR i Vest-Telemark	330 000
Interkommunalt samarbeid	330 000
Til disposisjon for rådmannskollegiet	92 000
Digitalisering	750 000
Totalt avsett fond	8 263 000

Prosjektoversikt

Oversikt over prosjekt knytt til budsjettet for Vest-Telemarkrådet 2019.

Prosjekt 2019

P.nr.	Prosjekt	2017*	2018	2019	Finansiering	Prosjektstatus	Slutt
1103	Webforum - nettsamarbeid	210	50	50	Driftsbudsjett	Drift og gjennomføring av møte	Løpende
1108	Vest-Telemarkkonferansen og yrkesmessa på Dalen	250	150	170	Driftsbudsjett	Yrkesmessa på Dalen (50') IVT-konferansen (120')	Løpende
1112	Etablererkontoret i Telemark	450	500	500	Driftsbudsjett	Anbod: drift av tenesta: 450' drift av næringskalender: 50'	Løpende
1127	Lokalmat i fjellområda		400	500	Drift 200 og Tfk 300	Vidareføring satsing av lokalmat i Fjell Telemark hovudprosjekt i 3 år	2020
1128	Fellestiltak i næringskollegiet		500	500	Driftsbudsjett	Overføring av mindre prosjekt som tellUS-forum (30'), tilskuddsportalen (70'), vt-brosjyra (50') og tiltak oppstått i driftsåret, tiltak i gründeruka	Årleg
1130	Digitalisering og velferdsteknologi		400	3000	Skjønnsmidlar, bundne fond og disposisjonsfond	Forslag til prioriterte tiltak for ordinære skjønnsmidler i 2019	2020
1131	Konsesjonskraftkompetanse - etablere samarbeid		200	250	Bundne fond	Budsjett 2019: Følger interkommunalt samarbeid.	2019
1134	Myndighetskontakt/ lobbyverksemd			300	Innparte midlar 2018	Jf Vitaliseringsstrategi	
Sum				5270			

*Prosjekt som er avslutta i 2018 og 2019 er ikkje tatt med i oversikten.

Finansiering - driftsbudsjett

Under er oppsettet for finansiering og kommunal andel for Vest-Telemarkrådet. Ein skil på finansiering av drift og prosjektfinansiert aktivitet. Storleiken på driftsbudsjettet er nedsett i avtale mellom Vest-Telemarkkommunane og Telemark Utviklingsfond, og regulert årleg etter konsumprisindeksen.

Fordeling

Totalt budsjett for 2019	KR. 4 643 000
TUF:	KR 2 321 650
Prosentvis fordeling:	KR 1 160 825
Fast fordeling:	KR 1 160 825

Folketal per 1. januar 2018

Kommune	Antall innbyggerar	Prosent	Kjelde
Fyresdal	1320	9,36 %	<u>SSB.no</u>
Nissedal	1489	10,55 %	<u>SSB.no</u>
Kviteseid	2397	16,99 %	<u>SSB.no</u>
Seljord	2959	20,97 %	<u>SSB.no</u>
Tokke	2236	15,85 %	<u>SSB.no</u>
Vinje	3709	26,29 %	<u>SSB.no</u>
Vest-Telemark	14110	100,00 %	

Finansiering, drift av Vest-Telemarkrådet 2019

Kommune	Fast fordeling	%-vis innbyggerandel	%-andel	Andel for 2019
Fyresdal	kr 193 471	9,36 %	kr 108 653	kr 302 124
Nissedal	kr 193 471	10,55 %	kr 122 467	kr 315 938
Kviteseid	kr 193 471	16,99 %	kr 197 224	kr 390 695
Seljord	kr 193 471	20,97 %	kr 243 452	kr 436 923
Tokke	kr 193 471	15,85 %	kr 183 991	kr 377 462
Vinje	kr 193 471	26,29 %	kr 305 181	kr 498 652
Vest-Telemark	kr 1 160 826	100,00 %	kr 1 160 826	kr 2 321 652

Årshjul for økonomirutinar i Vest-Telemarkrådet



Oppdatert: 15.06.2016

Dato	Aksjon	Forklaring
15. januar	Rapportering til Fylkesmannen	VTR administrasjonen har ansvar for å rapportere.
15. januar	Brønnøysundregisteret	Oppdatering
1. februar	Søke skjønnsmidler	VTR administrasjonen har ansvar for å søke.
10. februar	Fristen for å søke moms kompensasjon	Revisor skal attestere og gå gjennom alle bokførte bilag før dette.
15. februar	Avlagt årsregnskap og årsberetning	Styret skal ha dette lagt fram, mellom 15. feb og 15. april
15. februar	Rapportering til KOSTRA	Sendes inn fra regnskapssystemet.
31. mars	Årsberetning	Skal leverast til revisjon 31. mars.
1. april	Sikre overføring av Skjønnsmidler	Fylkesmannen overfører midlene til kommunen.
1. april	Sende krav til kommunane	Følger avtale med i TUF
31. mars	Rapportering til TUF	Rapport i fohold til avtalt ramme på drift i VTR.
15. mai	Regnskapsgjennomgang	Samspill mellom VTR og regnskapskontor.
15. september	Regnskapsgjennomgang	Samspill mellom VTR og regnskapskontor.
sept - oktober	Justering av budsjett	Justere budsjett på høsten
oktober	Utbetaling av godgjersle	Påminning: til reg. ordfører / varaordfører.
10. november	Budsjett	Blir behandlet i tinget siste møte før jul.
15. november	Regnskapsgjennomgang	Samspill mellom VTR og regnskapskontor.